



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 05.12.2019: Jordbruket på Vestlandet i 2018

## **Svak nedgang i jordbruksinntekta for vestlandsbonden i 2018**

**Vestlandsbonden fekk ei årsinntekt på 299 600 kroner per årsverk i 2018, ein nedgang på kr 2 700 frå 2017. Det er likevel stor variasjon mellom ulike produksjonar.**

**Vestlandsbonden låg høgare enn landsgjennomsnittet grunna tørke i store delar av landet. På landsbasis gjekk jordbruksinntekta ned med kr 35 900, til kr 287 400 per årsverk.**

Bruk med mjølk, med og utan anna husdyrhald, hadde ein nedgang i inntekta samanlikna med året før. Gardsbruka med sau fekk auka inntekt. Det gjorde også frukt- og bærprodusentane på Vestlandet.

Tørken i 2018 hadde mindre påverknad på jordbruksinntekta til bøndene på Vestlandet enn i andre delar av landet. Det viser tal frå dei årlege driftsgranskingane til NIBIO som vart lagt fram i dag.

### **Nedgang for mjølkebruka**

Mjølkeprodusentane fekk ein nedgang i inntekta si med 4 prosent frå 2017 til 2018, og fekk ei gjennomsnittsinntekt på kr 320 000 per årsverk. Årsaka til nedgangen var høgare kostander, lågare prisar, auka rentekostnader og auka arbeidsforbruk.

Bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med sau eller svin, fekk nedgang frå 2017 til 2018. Inntekta på bruka med mjølk og sau gjekk ned på grunn av høgare arbeidsforbruk, lågare prisar og auka rentekostnader. Størst var nedgangen for bruka med mjølk og svin, som følgje av prisfall på produkt og auka kostnader knytt til investeringar.

### **Sauedrift opp, storfekjøtt ned**

Sauebruka på Vestlandet fekk ein auke i inntekta frå 2017 til 2018, men ligg framleis på eit lågt nivå. I gjennomsnitt var inntekta på kr 131 600 per årsverk, ein auke på kr 25 000. Større omsetnad av lam og moderat auke i kostnader forklarar ein del av auken i inntekta.

Bruka med kjøttproduksjon på storfe fekk redusert inntekta frå 2017 til 2018. I gjennomsnitt fekk desse produsentane ei inntekt på kr 75 700 per årsverk i 2018. Mindre omsett kjøtt og auka arbeidsforbruk forklarar nedgangen. Bruka med kjøttproduksjon fekk lågast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene på Vestlandet.

### **Frukt- og bærproduksjon gjorde det best**

Inntektene til fruktprodusentane varierer vanlegvis mykje mellom år. For desse produsentane vart både 2017 og 2018 gode år, i hovudsak som følgje av gode avlingar. Med kr 446 400 per årsverk var frukt- og bærproduksjon den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt på Vestlandet i 2018.



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 05.12.2019: Jordbruket på Vestlandet i 2018

### **Høge investeringar og aukande gjeld.**

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka var høge i 2018, men låg likevel noko under landsgjennomsnittet. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 159 600, medan nettoinvesteringane for landet var på kr 203 000. Vestlandsbonden investerte i stor grad i driftsbygningar, men også ein del i maskiner og reiskap. Samla gjeld auka med 20 prosent for vestlandsbonden, og var på 3,0 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene auka med 16 prosent.

**Driftsgranskningane i jord- og skogbruk** er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2018 var det med 916 bruk, der 180 var frå Vestlandet; 59 i Hordaland, 62 i Sogn og Fjordane og 59 i Møre og Romsdal. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

### **Kontaktpersonar ved NIBIO**

#### **Marius Berger**

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 941 49 336

E-post: [marius.berger@nibio.no](mailto:marius.berger@nibio.no)

#### **Signe Kårstad**

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 997 60 083

E-post: [signe.kaarstad@nibio.no](mailto:signe.kaarstad@nibio.no)